




HELING FRÅ KYRKJA




KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 68



NR. 03 DESEMBER 2015



Velsigna julehøgtid.

Maleri av: Olaf Solberg, tidlegare misjonær i NMS.

Ein avgrensa gud

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa. Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lét seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi egentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lét seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin



Dei nye sokneråda

Etter soknerådsvalet 14.september, har dei nye sokneråda konstituert seg og fungerer frå 1.nov. 2015 . Funksjonstida er 4 år.

Kyrkjevalet
2015

VIK SOKNERÅD

Reidunn Bolstad, leiar, medl. I styret for stiftinga « Kyrkjestova»

Per Olav Geithus, nestleiar, vara- medl. I styret for stiftinga «
Kyrkjestova»

Ingunn Bjørk Refsdal, repr. Vik kyrkjelege fellesråd

Brit Eli Vassli, vararepr. Vik kyrkjelege fellesråd

Inger Alise Myrkaskog, skrivar

Inger Anne Opheim Tryti, medlem i Diakoniutval

Svein Arne Stavedal Drægni, medl. I styret for stifting «Kyrkjestova»

Målfrid Øvstedal Kollsete, tilstillingskoordinator/kontotilgang

Jostein Skutlaberg, fast medlem som sokneprest

Brit Karin Brekke, 1.varamedl.

VANGSNES SOKNERÅD

Erlend Hanekam, leiar

Laila Sunde, repr. Vik kyrkjelege fellesråd

Asbjørn Lidal, vararepr. Vik kyrkjelege fellesråd

Elsa Annie Haugnes Fosse

Ola Kvalvik

Arnhild Solveig Skjerven Holen

Jostein Skutlaberg, fast medlem som sokneprest

Lillian Tistel, 1. varamedl.

ARNAFJORD SOKNERÅD

Camilla Zweidorff Hove, leiar og medl. Trusopplæringsutval

Ola Engum, repr. Vik kyrkjelege fellesråd og nestleiar sokneråd

Endre Nese, vararepr. Vik kyrkjelege fellesråd og medl. Diakoniutval

Elin Kjelven, skrivar og kasserar

Jostein Skutlaberg, fast medlem som sokneprest

Else Karin Sætre, 1. varamedlem

FEIOS SOKNERÅD

Rune Hjortland, leiar

Leif Eikeland, repr. Vik kyrkjelege fellesråd

Arnstein Berdal, nestleiar, vararep, Vik kyrkjelege fellesråd, vara til diakoniutvalet

Vigdis Alise Dvergedal Sætre, skribar

Marianne Hove Harbakk, kasserar

Jofrid Tennefoss Helleland, medlem i diakoniutvalet

Jostein Skutlaberg, fast medlem som sokneprest

Bjarte Rinde Tveit, 1. varam. Repr. Trusopplæringsutval og kontakt Ungdomsklubben

FRESVIK SOKNERÅD

Anita Høydal, leiar

Nann Ingunn Simlenes, repr. Vik kyrkjelege fellesråd og kontakt kyrkjestyss

Dagfinn Flæte, nestleiar og vararepr. Vik kyrkjelege fellesråd

Sigmund Hauglum, kasserar

John Bøthun, skribar

Michelle Bøthun Smedegård, medlem i Diakoniutvalet og medlem i Trusopplæringsutval

Jostein Skutlaberg, fast medlem som sokneprest

Hildegunn Mårstig Tretteteig, 1.varamedlem

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

Ingunn Bjørk Refsdal, Vik - leiar

Laila Sunde, Vangsnes - nestleiar

Ola Engum, Arnafjord

Leif Eikeland, Feios

Nann Ingunn Simlenes, Fresvik

Jostein Skutlaberg, sokneprest

Olav Turvoll, representant Vik kommune

Roy Egil Stadheim, vararepresentant Vik kommune

Kyrkjeverje **Inguar Vangsnes** er sakshandsamar og referent.

Ynskjer dei nye sokneråde lukke til med arbeidet i sokna!

Julegryta i våre hjarto

I 114 år har Frelsesarmeens julegryter appellert om nestekjærleik og varme.

Av Nils-Petter Enstad

Frelsesarmeens julegryter er eit innarbeidd og sjølvstekt trekk i førjulsbiletet i mange norske byar. Første gong julegryter vart utplassert her i landet var 10. desember 1901 i samband med at det var kommuneval den dagen.

Internasjonal tradisjon

Frelsesarmeens julegryter er ein internasjonal tradisjon. Ideen kom opphavleg frå USA, der den første gryta vart sett ut i San Francisco i 1894. Sjeften for Frelsesarmeens arbeid i byen, kaptein Joe McFee, hadde bestemt seg for å innby dei mange uteliggjarane i byen til ein stor julemiddag. Men det var ein liten hake ved kapteinens plan: Han hadde ikkje pengar. Dermed gjekk han til innkjøp av ein stor suppekjele, fekk den plassert på ein sentral stad, og utstyrte

den med ein plakat: «Keep the kettle boiling» – Hald gryta kokande! Julaftan hadde gryta kokt såpass at 1400 menneske fekk sin julemiddag av Frelsesarmeen – og ein ny tradisjon var skapt.

Noreg

Sju år seinare tok leiaren for Frelsesarmeens sosialarbeid i Noreg, Othilie Tonning, opp den same ideen. I samband med valdagen hadde ho fått løyve frå politimeisteren i Kristiania til å setje opp det som avisa «Norske Intelligenssedler» vart omtala slik: «...gryder, hængende i et Stativ, på hvilket man vil fæste en Plakat med Indskriften: Til Julemad og Kul for Fattige». Grytene vart plasserte på «de mest befærdede steder i Kr.ania». Tonning hadde rekna ut at for å skaffe mat og brensel til 400 fattige familiar i hovudstaden, trengte ho 2000 kroner. Berre på valdagen kom det inn 700 kroner, og dagen etter ytterlegare 300 kroner. I alt var julegrytene ute i seks dagar dette første året, og målet på 2000 kroner vart nådd med god margin. Blant

gåvene i gryta var òg ein herrering av gull, som givaren slapp ned i fordi han ikkje hadde kontantar på seg.

Innsamling av klede

Det første året samla ein berre inn pengar ved julegryta, men snart meldte det seg behov for å ta imot også andre typar gåver: Folk kom med klede som dei gjerne ville gi bort. Og samstundes visste slumsøstrene kor dårleg det ofte stod til med påkledninga i mange av dei heimane dei besøkte. Tonning såg straks moglegheita til å sameine to behov, og sørgde for at det vart plassert store korgar under kvar julegryte. Her kunne folk kome med klede dei ville gi bort og leggje pakkene i korgene.

Julegrantenning

I 1919 skapte Tonning nok ein tradisjon, nemleg julegrana på Universitetsplassen. Dei første åra var det ingen seremoni eller markering knytt til tenninga, men etter kvart vart dette ein av dei faste og populære adventtradisjonane i hovudstaden, med musikkorps, gang

Frelsesarmeens julegryter har lang tradisjon.

Arkivfoto



6

rundt juletreet og talar av så vel representantar for Frelsesarmeen som for offentlege myndigheiter. Mange stader har det òg utvikla seg ein tradisjon for at politikarar og andre kjende personar i lokalmiljøet tek ein tørn som «grytevakt».

Andre stader kjem lokale artistar og held gratiskonsertar ved julegrytene, for på den måten å trekkje både folk og givarar. Det finst òg mange døme på givarkreativitet, som når ein som ikkje har kontantar, legg ein lapp frå panteautomaten i gryta i staden.

Forfattarar som Erik Bye og Alfred Hauge har begge skrive om sine møte med julegryta - Bye som ung journalist i ei lokalavis ute på prærien; Hauge som liten gut på sin første bytur til Stavan-ger. KPK

Julehefta som gav norsk jul i Amerika

– Tankane gjekk til gamlelandet og julehøgtida der. Difor var det meir nostalgialgi i dei norsk-amerikanske julehefta enn i dei norske, seier forfattar Tom Brenne.

Av: Torbjørn Greip-sland (tekst og foto)

Han er den her i landet som veit mest om norske så vel som norsk-amerikanske julehefte. Julehefta som nordmennene i USA gav ut i det førre århundret, kan ikkje måle seg med dei norske i tal. Men utan tvil hadde dei stor betydning for utflytta nordmenn og deira etterkommarar når høgtida stunda til. Det skulle vere norsk jul. På Nasjonalbiblioteket har Brenne bladd gjennom og lest mykje i så mange som 20 000 julehefte, ein mindre del av dei utgjevne i det norske Amerika. Sjølv har han 4000 julehefte i si private samling. I 2009 kom boka hans Norske julehefter.

Jul i Vesterheimen Mest kjent av dei norsk-amerikanske julehefta er «Jul i Vesterheimen», som kom ut frå 1911 til 1957. Redaktør fram til 1937 var Anders B. Sundheim frå Nord-Aurdal. Han hadde i mange år drøymt om å gje ut eit julehefte i norsk språkdrakt, men han blei 50 år før han fekk det til.

– Han ville skape eit julehefte som ikkje bare stod på høgd med dei vakre julehefta i hans kjære heimland, men eit som på ein verdig måte kunne representere åndslivet blant utflytta nordmenn, fortel Tom Brenne.

Utgjevar var Augsburg Publishing Company i Minneapolis, der Sundheim seinare vart sjef. For innsatsen hans for juleheftet og forlaget blei han i 1924 av kong Haakon tildelt St Olavs ordenens ridderkors av første klasse.

Men det var fleire julehefte i det norske Amerika. «Jul i Amerika» heiter eitt, men det kom bare ut i tre år, 1917, 1918 og 1919. Heftet blei gjeve ut i New York. «Sønner av Norge» gav ut eit jule-

hefte eit par år midt på 1920-talet med Audun H. Telnæs som redaktør.

Truleg er det og fleire av bygdelaga som gav ut julehefte slik Gudbrandsdalslaget gjorde. Også Nordmands-Forbundet gav ut julehefte.

Kunsttrykk

Artiklar, noveller og dikt kom på trykk.

Fleire av julehefta hadde også med eit kunsttrykk på eit ark eller to, bildekunst som utan tvil fekk sin plass på veggjar inne eller ute i veslehuset. Også julesongar med noter var gjerne med i juleheftet.

Med ganske få unntak var alt skrive på norsk. Men Augsburg Publishing Company utgav mange år eit eige julehefte på engelsk, «Christmas».

– Kven skreiv?


– Flest norsk-amerikanarar, men også norske forfattarar, seier Tom Brenne.

Den norsk-amerikanske forfattaren og redaktøren Waldemar Ager med røter i Østfold, skreiv mykje. Også forfattaren N.N. Rønning frå Telemark var ein av skribentane. Det same galdt den mest kjende av dei

norsk-amerikanske forfattarane, Ole Rølvaag frå Dønna. Mikkjel Fønhus var ein av dei norske som skreiv mykje. Det same galdt Johan Falkberget. Andre skribentar var Hulda Garborg, Herman Wildenvey, Jacob B. Bull Ser ein på innhaldet i nokre av dei julehefta Brenne har, finn vi artiklar og noveller med desse overskriftene: Billeder fra Hjembygden (N.N. Rønning), Da Ole skulde bli prest (Hans Aanrud), Om skisporten i Amerika (Carl G. O. Hansen), Minot i Nord-Dakota (Olav Redal), Tom Brenne seier at når det gjeld dei norske forfattarane, kom gjerne det dei skreiv i blad både i USA og i Noreg. Her i landet kunne noveller og artiklar frå forfattarar som Fønhus og Falkberget kome i fleire julehefte.

– Utan tvil var redaktørane svært interesserte i å ha bidrag frå kjende skribentar, seier Brenne.

Store opplag Tom Brenne kjenner ikkje til kor store opplag julehefta i USA vart trykte i, men her i landet kunne blad som IOGTs «Magne» ha eit sal på over hundre tusen eksemplar. I landet vårt er talet på julehefte sterkt redusert. Men fleire kristne



organisasjonar, kyrkesamfunn, ungdomslag, mållag, presseforeiningar og historielag gjev framleis ut julehefte. I USA kjem etter det Brenne veit, ingen julehefte ut lenger på norsk. Ikkje overraskande når ein veit at i dag er det bare to kyrkjer der dei framleis har gudstenester på norsk, i Chicago og Minneapolis, mens det for hundre år sidan bare i Chicago var over 20 kyrkjer som hadde norsk som gudstenestespråk.

Men utan tvil finst det framleis i norske strok

i Amerika nokre julehefte gøymde unna som minne frå farne tider. Den gong det var «ordentleg» jul, ikkje X-mas, men norsk, kristen julehøgtid.

KPK

25 år med Formiddagstreff

Barne- og ungdomsutvalet i Vik kyrkjelyd tok hausten 1990 initiativ til å starte med Formiddagstreff i «Kyrkjestova» i Helsetunkjellaren. Første treff var 30.okt. kl.11-13.

Det var 16 born og 9 vaksne som møtte opp. Seinare har oppslutning svinga med barnefødsler og kor mykje barnehageplass barna har hatt. Hausten 2015 gled vi oss over stor oppslutnad. Til å byrje med var Kari Haga med som friviljug. Sidan vi heldt til i Helsetunkjellaren var det lett å få besøk av både helsesøster, jordmor og lege. Av og til fekk vi ro til å ta opp eit tema. Vi hadde lagt opp til at ein skulle ha med nistepakke, men etter kvart stilte Berit Bolstad opp med vaffeljern.



Kaka til 20 års jubileet-



Nysteikte vafler var sjølvsagt populært, og snart vart nista utkonkurrert.



Kyrkjevevje kom med blomar i høve 10 års jubileum.

Yngste og eldste på treff den dagen.

I 1991 byrja Anna Røyrvik som kaffikokar og vaffelsteikar. Ho var då 78 år, og hadde vore kyrkjelyden si kokke i ei årrekkje. Ho held fram som medhjelpar til ho var nesten 90 år, berre få månader før ho døydde. Seinare har Anna Maria Finden, Åsa Tenold og no Inger Anne Tryti vore trufaste medarbeidarar. I 1996 flytta vi inn i den nye Kyrkjestova



Frå tida i Helsetun-
kjellaren.

– ideelt lokale ; god tilkomst, plass til vogner i gangen, stalleplass, god lagerplass og praktisk kjøkken og salar. Vi har for tida treff ein gong i veka (tysdag kl.10-13) i mnd. september – november og januar-april. På treffa har vi frileik, songstund med allmenne og kristne songar og fellesmåltid – nestenalltid med verdens beste vafler! Vi håper at tiltaket også i framtida kan vere eit viktig bidrag til trivsel for unge familiar i Vik, og trur det er spesielt viktig for tilflyttarar for å bli kjende i bygda. Kjekt er det å sjå at nokre som var småborn første åra vi arrangerte Formiddagstreff,



no kjem att på treff med sine egne små. Jubileet vart ikkje markert i haust, men det ly vi prøve å gjere noko med på nyåret! Denne songen har eit av barna som gjekk på formiddagstreff sjølv skrive. Den kosa vi oss ofte med.

Tekst & fot kjh

:/: NO HELDE ME I LAG :/:

NO KLAPPA ME I LAG

NO DANSA ME I LAG

NO SNURRAR ME I LAG

NO HINKA ME HER RUNDT

PÅ GOLVET.





VANNRETT:

1. Ost
6. Guttenavn
7. Mark
8. Lars Torsvik
9. Tall
11. Frø
13. Inge Nilsen
14. Fisk
15. Spiss
17. Daniel Ask
18. Terge
19. Moderne

LODDRETT

1. Dyrepasser
2. To like
3. Barnet
4. Mellom to topper.
5. Norsk prinsesse
10. Sirkel
11. Frukt
12. Styrkedrikk
16. Lang fisk

Send løysinga til «Helsing frå kyrkja» og du er med i trekninga av ein premie.

Meldingar:

BLADPENGAR

I 2015 har vi ikkje teke inn bladpengar då vi ikkje har fått gjeve ut så mange nr. av bladet i 2014 og 2015.

Vedlagt dette bladet finn de ein giro-blankett for innbetaling av bladpengar. Vi er glad for at bladet får så brei støtte og dei fleste betalar bladpengar, derfor trur vi at vi greier oss med å ta same bladkontigent som i fjor:

Kr.150.- for dei som bur i kommunen og kr. 200.- for dei som bur utanbygds.

Bladpengane gjeld åra 2015 /2016.

Så vonar vi å kunne prioritere å gje ut minst 4 nr. av kyrkjebladet i 2016.

Kirsti Jelle Hopperstad
bladstyrar

Kyndelsmessebasar

Den årlege Kyndelsmessebasaren vert arrangert laurdag 30.jan. kl.15.00 **på Kyrkjestova**, Vik.

(loddsal frå kl.14.) Vi vonar også denne gongen å få til førehandssal på Coop Extra 2-3 dagar i veka før. På basar er det god stemning, hyggjeleg samvær og vi vonar også denne gongen på stor gjevarglede!

Inntekta går til Det Norske Misjons-selskap. Kor Brrra tek del. Velkomne små og store, unge og eldre!

Flatbygdi kvinneforening & Kyrkjestova Misjonslag

Årsmøte

Det er sett opp årsmøte i dei 5 kyrkjelydane våre i høve gudsteneste desse datoane:

7.febr. kl.11. Fresvik

21.febr. kl.11 Feios

28.febr. kl.11. Arnafjord

13.mars. kl.11. Vangsnes

I Vik sokn er det ikkje sett opp dato enno.

Bispevisitas

Det er no 13 år sidan vi har hatt bispevisitas, og vi har glede av å ta mot

Biskop Halvor Nordhaug 2.-6. mars.

Då skal biskopen vere innom alle dei fem kyrkjene og sokna våre.

Vi vonar det blir mange fine møtestader til inspirasjon.

Detaljert program vert kunngjort i neste kyrkjeblad og på heimesida.

Visitasen vert avslutta med gudsteneste i hovudsoknet, Vik .

Etter gudstenesta blir det ei samling på Kyrkjestova som er open for alle.

MINIKONFIRMASJON

Dei som går i 5. kl. i Arnafjord, Vangsnes og Vik sokn, får rundt nyttår Invitasjon til å vere med på minikonfirmasjon.

Dette er ein del av Trusopplæringsplanen, og det er kyrkjelydspedagog Rut Solveig Netland som er ansvarleg for opplegget.

Utdeling Bibel til 5.kl. Vik sokn.

Søndag 31.jan kl.11.00 er alle 5.kl. invitert til å få sin eigen Bibel i gudstenesta Vik kyrkje.

Det blir også då høve til å melde seg på minikonfirmant-opplegget.

Julefest i Kyrkjestova

vert arrangert etter tradisjon 3.juledag (27.des.) kl.16.00.

Fri inngang – utlodning. Små og store hjarteleg velkomne!

JULETREFEST I FEIOS BEDEHUS

Tysdag 5.jan. kl.18.00 Velkomne!

Arr: Frelsesarmeen i Vik/ Bedehusforeininga/ Feios kvardagsskule.

Døyppte:

Vik:

- 12.07.15. Elida Bøthun Tistel,
Hove steinkyrkje
16.08.15. Tilda Matre Stadheim
27.09.15. Even Skår Salbu
Tarjei Skogsrud Undi
18.10.15. Anna Tenold
Hopperstad
15.11.15. Adrian Fosse Hove

Vangsnes:

- 02.08.15. Oliver Otterskred-
Øygarden

Arnafjord:

- 04.10.15 Alvilde Rinde Heggenes

Feios:

- 22.11.15 Milla Fimreite
Mathias Harbakk

Uigde:

- 11.07.15. Hove kyrkje
Lene Rognaldsen og
Wiik Kristian Wiik
08.08.15 Vangsnes kyrkje
Tove-Anita Ulvestad og
Espen Austrheim Dahle
15.08.15. Vik kyrkje
Hanne Stadheim og
Vegard Andersen

Døde:

Vik:

- 11.08.15. Geir Olav
Nummedal f. 1962
28.08.15 Ragnar Haugen f. 1928
16.09.15 Bergljot Grov f. 1932

- 29.09.15. Sven Arne
Fjærestad f. 1964
12.10.15. Margit Brekke f. 1927
25.10.15. Dagny Fridell f. 1925
26.10.15. Gunnvald
Andreas
Sætevik f. 1932
07.11.15. Marit Elisabeth
Haaland
Thorsen f. 1948
09.11.15. Marta
Stadheim f. 1944
28.11.15. Philbert
Bashayeko f. 1953
02.12.15. Anna Sofie
Aase f. 1927

Arnafjord:

- 22.08.15 Johan
Hauglum f. 1939
29.08.15. Kjell Monslaup,
Austrheim f. 1934
12.09.15. Astrid
Otterskred f. 1920
13.10.15. Terje Arild Seim f. 1947

Feios:

- 26.08.15. Gunhild Viken f. 1923
07.11.15. John Petter
Feidje f. 1928

Vangsnes:

- 28.08.15. Olav Fjærestad f. 1939
26.09.15. Sjur Hopperstad f. 1930

Fresvik:

- 09.11.15. Gjertrud Hov f. 1930
20.11.15. Aslaug Thy f. 1921

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes
epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 415 91 913
bustad 57 69 75 36
mobil 901 11 530

KONTORTID

tysdag - fredag
kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest

Jostein Skutlaberg
epost: jostein.skutlaberg@vik.kommune.no

kontor 977 72 681
mobil 404 66 937

Seniorprest Ole Agnar Helland
e-post: ole.agnar.helland@vik.kommune.no

mobil 984 16 333

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Netland
epost: klped@balestrand.kyrkja.no

mobil 906 32 698

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad
epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

onsdag og torsdag
kl. 10.00 – 15.00

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo
Ragnar Hove

mobil 941 71 504
mobil 404 17 088

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organistar

Lars Einar Bakketeig
epost: las1@hotmail.no
Inger Marit Hove
epost: inger.marit.hove@vik.kommune.no

mobil 995 34 138
bustad 57 67 83 34
mobil 915 27 569
bustad 57 69 59 59

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik:	Reidunn Bolstad,	905 33 581
Arnafjord:	Camilla Zweidorff Hove,	957 39 867
Vangsnes:	Erlend Hanekam,	416 34 981
Feios:	Rune Hjortland,	957 66 551
Fresvik:	Anita Høydal,	975 37 879

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ingunn Bjørk Refsdal

tlf. 971 86 721

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

Prestane sin beredskapstelefon 954 83 374 (utanom kvardagar kl.08-17)

VELKOMMEN TIL KYRKJE

22.des., tysdag	kl.10.00	Vik kyrkje Skulegudsteneste v/ J. Skutlaberg
24.des.. Julaftan Luk 2,1-20	kl.14.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Offer : Kirkens Nødhjelp
	Kl.14.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Olav Mar- tin Hove Offer
	Kl.16.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Vik Musikklag tek del Of- fer: Kirkens Nødhjelp
25.des., 1.juledag Joh1,1-14	kl.12.00	Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer: Det Norske Misjons- selskap
	Kl.16.00	Arnafjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer
26.des., 2.juledag Joh 16,1 -4a	kl.12.00	Feios kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Kjell Sæter. Offer. Song ved Siri Wølneberg Bøthun
31.des., Nyårsaftan Matt 11,25-30	kl.16.00	Vik kyrkje Nyårsmesse v/ Ole Agnar Helland
3.januar, 2. Kor 4,1-6		Inga gudsteneste i Vik kommune
10.januar Joh 1,29-34		Inga gudsteneste i Vik kommune
17.januar Joh 1,15-18	kl.11.00	Vik kyrkje Familiegudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer Tårnagentar tek del.

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
 TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
 BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
 KASSERAR : Sylvi Nummedal
 BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
 BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

24.januar Matt 13,24-30		Inga gudsteneste i Vik kommune
31.januar, Luk 9,28-36	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Ole Agnar Helland Offer Utdeling av Bibel 5. kl. Oppstart av minikonfir- masjon.
7.februar Luk 18,31-34	kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ O. A. Hel- land Offer
14.februar Matt 26,36-45	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Offer
21.februar Jes 55,1-7	kl. 11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Offer
	Kl.16.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Offer
28.februar Luk 22,28-34	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring 482 27 500 seinast ein time før gudstenesta
 eller Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
Feios: Ring leiar Rune Hjortland 957 66 551
Fresvik: Ring Nann Ingunn Simlenes 415 70 815
Arnafjord: Ring leiar Camilla Zweidorff Hove 957 39 867